



Mette Kyed Thorson
Kvalen 16
5955 LINDÅS

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/277 - 18/13496

Saksbehandlar:
Katrine Bjordal Midttun
katrine.bjordal.midttun@radoy.kommune.no

Dato:
12.09.2018

Byggesak gbnr 34/9 Grindheim - familiebarnehage - ferdigattest

Delegasjonssak nr.: 233/2018

Administrativt vedtak. Saknr: 233/2018

Tiltakshavar: Stig Andre Grindheim og Jeanette Villanger Grindheim

Ansvarleg søkjar: Mette Kyed Thorson

Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 12.01.2018. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 14.08.2018 og supplert 10.09.2018.

Skildring

Adresse:	Grindheimsvegen 127
Bygningstiltak:	Ferdigattest til familiebarnehage
Bygningsnummer:	176141352
Bruksareal:	Kjeller, ca. 80 kvm er omdisponert til barnehage
Avlaup:	Privat
Vatn:	Offentleg
Tal på røykløp:	1

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for familiebarnehage på gnr. 34, bnr.9.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt jurist byggesak Katrine Bjordal Midttun.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Katrine Bjordal Midttun
jurist byggesak

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jeanette Villanger Håland	Grindheimsvegen 5936 127	MANGER
Stig Andre Grindheim	Grindheimsvegen 5936 127	MANGER

Mottakere:

Mottakere:
Mette Kyed Thorson

Kvalen 16

5955

LINDÅS